



Vedtekter for Hordaland Nei til EU

Dette er vedtektene vedtatt i 2006. Avsnitt eller ord som er foreslått endret i det nye forslaget er merket med gult

1 § 1 Formål

2 Hordaland Nei til EU er eit fylkeslag i Nei til EU og har som formål å motarbeida norsk
3 medlemskap i EU og EØS.

4 Hordaland Nei til EU vil

5 - sikra norsk suverenitet på viktige område som sysselsetting, velferd og
6 levedyktige lokalsamfunn

7 - arbeida for at EU-tilpassinga ikkje skjer på kostnad av solidariteten med dei
8 landa og folkegruppene som er mest avhengige av internasjonal hjelp og støtte.

9 Hordaland Nei til EU krev at tilpassinga til norske lover og reglar til EU sin indre marknad
10 ikkje må gå på tvers av fleirtalet sine grunnhaldningar ved folkerøystingane i 1972 og 1994,
11 der verdiar som fridom, rettferd, internasjonal solidaritet og miljøvern stod sentralt.

12 § 2 Arbeidsformer

13 Hordaland Nei til EU er ein tverrpolitisk og anti-rasistisk organisasjon som skal driva
14 informasjon og argumentasjon kring Norge sitt forhold til EU. Hordaland Nei til EU
15 samarbeider med Nei til EU sentralt om å oppfylle formålsparagrafen. Laget arbeider for å
16 verva medlemmer, og vil gjennom lokale aksjonar og informasjonsverksemd arbeida for å
17 oppfylle formålet til organisasjonen.

18 § 3 Medlemer

19 Alle som støttar formålet til organisasjonen, kan vera medlemmer av Nei til EU. Medlemskap
20 kan ikkje sameinast med aktivitet eller argumentasjon som gir uttrykk for rasisme eller
21 framandfrykt. Medlemskap er personleg og i regelen knytt til eit lokallag, men kan knytast
22 direkte til fylkeslaget der det ikkje fins lokallag. Nei til EU sentralt fastset kontingenten og
23 krev denne inn, men årsmøtet i fylkeslaget vedtek korleis den skal fordelast mellom fylkeslag
24 og lokallag. Alle som har betalt kontingent, blir rekna som medlemmer. Medlemene i Ungdom
25 mot EU blir rekna som fullverdige medlemmer i Nei til EU. .

26 § 4 Årsmøtet:

27 Alle medlemmer som har betalt kontingent siste året, har røysterett på årsmøtet. Årsmøtet blir
28 kalla inn skriftleg med minst 14 dagars varsel. Omfram årsmøte skal haldast når styret eller
29 minst ¼ av medlemene krev det. Ordinært årsmøte skal haldast årleg i god tid før
30 landsmøtet. Saker som medlemmer ønskjer å ta opp på årsmøtet, må sendast styret minst 5
31 veker før årsmøtet.

32 Årsmøtet skal:

33 - Drøfta aktiviteten til fylkeslaget.

34 - Godkjenna rekneskap og årsmelding.

35 - Vedta arbeidsplan og budsjett for neste år.

36 - Behandla saker som styret eller lokallag ønskjer å drøfta på årsmøtet.

37 - Velja styre og leiar.

38 - Velja revisor for neste årsrekneskap.

39 - Velja utsendingar til landsmøtet etter Nei til EU sine vedtekter.

40 - Velja ny valkomite.

41

42 § 5 Styret

43 Leiaren og 7 styremedlemer medrekna eit medlem frå UMEU utgjer dei faste
44 representantane i styret, og i tillegg skal det vera 5 varamedlemer, alle valde for 1 år.

45

46 Styret skal leia og koordinera den lokale verksemda til fylkeslaget. Styret skal vera
47 bindeleddet mellom medlemene, lokallaga og Nei til EU sentralt. Styret sine vedtak blir gjort
48 med alminneleg fleirtal. Styret er vedtaksført når minst halvparten av styremedlemene er til
49 stades. Varamedlemene blir kalla inn til styremøta etter rekkefølge, dersom nokon av dei
50 faste styremedlemene har fråfall.

51

52 Leiar, nestleiar og kasserar utgjer eit AU som kan førebu saker for styret og ta avgjerd i
53 mindre saker som ikkje treng styrebehandling.

54

55 § 6 Endring av vedtektene.

56 Desse vedtektene kan berre endrast ved 2/3 fleirtal på lovleg innkalt årsmøte i Hordaland Nei
57 til EU, og der endringsframlegget er gjort kjent innkallinga. Framlegg om endring av
58 vedtektene skal sendast styret seinast 5 veker før årsmøtet.

59

60 § 7 Oppløysing:

61 Oppløysing av Hordaland Nei til EU kan berre skje ved 2/3 fleirtal på lovleg innkalt årsmøte i
62 laget, eller dersom Nei til EU blir oppløyst. Årsmøtet gjer i så fall vedtak om korleis midlane
63 skal disponerast.

64